

EKSTRAORDINÆRT IDRETTSKRINSTING 2016

15. desember 2016

---

# *Protokoll*

---

## **Ekstraordinært Idrettskrinsting**

**Førde 15. desember 2016**

RH



# EKSTRAORDINÆRT IDRETTSKRINSTING 2016

15. desember 2016

---

## SAKLISTE

Opning

Helsingstalar

### 1.0 Konstituering

- 1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane.
- 1.2 Godkjenning av innkallinga.
- 1.3 Godkjenning av forretningsorden.
- 1.4 Godkjenning av saklista.
- 1.5 Val av dirigent.
- 1.6 Val av sekretærar.
- 1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

### 2.0 Fullmakt til Idrettskrinsstyret i høve handsaming av transaksjonar vedrørende kjøp og sal av forretningseigedom og aksjar i Sofik AS og i Sogn og Fjordane idrettskrins.

AVSLUTNING

RA 

# EKSTRAORDINÆRT IDRETTSKRINSTING 2016

15. desember 2016

## SAKSHANDSAMING:

### Opning

Leiar Nils R. Sandal opna tinget med sin helsingstale til tinget.

### 1.0 Konstituering

#### 1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane.

Idrettskrinsstyret har kontrollert lista over fullmakter.

Ved konstitueringa av tinget var det 11 representantar med røysterett.

**VEDTAK:** Idrettskrinstinget godkjenner fullmaktene.  
**Samrøystes vedteke**

Organisasjon:	Namn:	
<b>Idrettskrinsstyret</b>		
Leiar	Nils R. Sandal	
Nestleiar	Arve Heimdal	
Styremedlem	Ruth-Sølvi Helland	
Styremedlem	Lilly Schøyen	
Varamedlem	Ingrid Heien	
<b>Særkrins/region</b>		
NFF Sogn og Fjordane	Robert Endestad	
NFF Sogn og Fjordane	Geir Thomas Espe	Forfall
NFF Sogn og Fjordane	Marianne Laugerud	Forfall
Sogn og Fjordane Skikrins	Hallvard Nygård	
Sogn og Fjordane Skikrins	Arthur Hegrenes	Forfall
Sogn og Fjordane Skikrins	Reidun Hegrenes	
Sogn og Fjordane Orienteringskrins	Johan Magerøy	
Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Håkon Løseth	
<b>Idrettsråd</b>		
<b>Idrettslag</b>		
Sogndal IL	Tonje Norheim Tangerud	
<b>Gjester</b>		
<b>Tale og forslagsrett</b>		
Organisasjonssjef	Anne Leversund	
<b>Dirigent</b>		
Dirigent	Ingar Breilid	
<b>Administrasjonen IK</b>		
Plan- og utviklingsleiar	Ingrid Narum	
Økonomikonsulent	Erling Benjaminsen	
<b>Tilsette særkrins</b>		
Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Narve Heggheim	

RH

# EKSTRAORDINÆRT IDRETTSKRINSTING 2016

15. desember 2016

## 1.2 Godkjenning av innkalling.

**VEDTAK:** Idrettskrinstinget godkjenner innkallinga.  
**Samrøystes vedteke**

## 1.3 Godkjenning av forretningsorden.

Idrettskrinstyret gjer slikt framlegg til forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 valt dirigent.  
Protokollen vert ført av dei valde sekretæranne, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det, og ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå ein tilvist plass i salen.
3. På tinget kan ikkje handsamast framlegg om lovending som ikkje er ført opp på den utsende saklista. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte representantane vedtek det, ved godkjenning av saklista.
4. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida vert sett til 5 min første gong, 2 min andre og tredje gong, med unntak for innleiingsforedraget og for representantar som har framlegg på saklista.  
Dirigenten kan gjere framlegg om avvik frå dette i omfattande saker, t.d. Handlingsprogram.  
Representantar som forlanger ordet til forretningsorden har 1 min taletid.  
Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og strek for dei inntegna talarane.
5. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Framlegg kan berre gjerast i saker som står på saklista.
6. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.
7. Framlegg og vedtak vert ført inn i protokollen, med tal på avleverte stemmer for og i mot.
8. Protokollen vert gått gjennom og underskriven av 2 – to - valte representantar.

**VEDTAK:** Idrettskrinstinget godkjenner forretningsorden.  
**Samrøystes vedteke**

## 1.4 Godkjenning av saklista.

**VEDTAK:** Idrettskrinstinget godkjenner utlagd sakliste.  
**Samrøystes vedteke**

## 1.5 Val av dirigent.

Idrettskrinstyret gjer slikt framlegg til val av dirigent: Ingar Breilid



# EKSTRAORDINÆRT IDRETTSKRINSTING 2016

15. desember 2016

---

**VEDTAK:** Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av dirigent.  
**Samrøystes vedteke**

## 1.6 Val av sekretærar.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av sekretærar:

Erling Benjaminsen (tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

Vara: Ingrid Narum (tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

**VEDTAK:** Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av sekretærar.  
**Samrøystes vedteke**

## 1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

**VEDTAK:** Representanten: Reidun Hegrenes, Sogn og Fj. Skikrins  
Representanten: Johan Magerøy, Sogn og Fj. Orienteringskrins  
**Samrøystes vedteke**

## 2.0 Fullmakt til Idrettskrinsstyret i høve handsaming av transaksjonar vedrørende kjøp og sal av forretningseigedom og aksjar i Sofik AS og i Sogn og Fjordane idrettskrins

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

**VEDTAK:** Idrettskrinstinget gjev styret i Sogn og Fjordane idrettskrins fullmakt til å fullføre avtalane vedrørende  
- sal av forretningseigedom og aksjar i Sofik AS  
- kjøp av forretningseigedom til Sogn og Fjordane idrettskrins  
**Samrøystes vedteke**

### Bakgrunn:

Sogn og Fjordane idrettskrins har den seinare tid jobba med å vurdere ulike alternativ for disponering av arealet til Sofik AS, Idrettens hus, 3.etasje i Concordbygget.

Arealet idrettskrinsen eig er mykje større enn dagens arealbehov og vi har dei seinare åra leig ut overskytande areal. Dette er krevjande og lite forutsigbart fordi leigemarknaden i Førde er stor og det er god tilgang på rimelege forretningsareal.

Vi er vi no i mål med intensjonsavtalar som går på at idrettskrinsen sitt eigedomsselskap Sofik AS sel sine 573 m<sup>2</sup> i Concordbygget, samt sine 80 aksjar i Concord AS.

Vidare at idrettskrinsen kjøper nye areal, 250 m<sup>2</sup>, i same bygg og same etasje.

Idretten vil då kunne tilby meir tilpassa lokale som vi meiner vil kunne bidra til betre samhald og samhandling for alle som har arbeidsplassen sin på Idrettens hus. Det nye arealet vil dekke plassbehovet til særkrinsane og idrettskrinsen.

Denne endringa fører til at vi sparer driftskostnadar kvart år, driftskostnadane vert forutsigbare (ikkje avhengige av 100 % utleige til ei kvar tid) og ikkje minst, vi slepp å

# EKSTRAORDINÆRT IDRETTSKRINSTING 2016

15. desember 2016

---

bruke mykje tid og energi på utleige av areal vi ikkje treng sjølv, ein energi vi gjerne vil nytte på andre ting.

Sidan desse avtalene ikkje er underteikna enda, ber vi om forståing for at detaljar kring dette vert lagt fram på Idrettskrinstinget.

Idrettskrinsstyret ser at desse transaksjonane vil kunne falle inn under og bør vurderast i høve idrettskrinsen si lov § 11.7:

« Disposisjonar, medrekna låneopptak, av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettskrinsen sin storleik og verksemd skal vedtakast av idrettskrinstinget ».

Styret i Sogn og Fjordane idrettskrins har difor vedteke å legge saka fram for eit ekstraordinært idrettskrinsting.

Innleiing v/ organisasjonssjef i idrettskrinsen, Anne Leversund.

Følgjande hadde ordet i saka:

Tonje N. Tangerud (Sogndal IL), Johan Magerøy (Sogn og Fj. Orienteringskrins), Robert Endestad (NFF Sogn og Fj.), Håkon Løseth (Sogn og Fj. Friidrettskrins), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen).

Nils R. Sandal takka tingforsamlinga og heva tingsetet.

Ekstraordinært idrettskrinsting 2016 vart heva kl. 18.47 torsdag 15. desember 2016.

  
Johan Magerøy

  
Reidun Hegrenes